

Kyrkjelydsblad

for Arna prestegjeld

Nr. 8

Arna September 1970

3. årgang

HAR DU DANSA KRING GULLKALVEN?

Har du lært bera offer fram som Abel gjorde? Går du inn i arki som Noah bygde når styrtregnet kjem? Har du bygt Babel tårn opp i deg? Kjenner du Melkisedek? Har Abraham sine gjester aldri vore hjå deg og halde måltid med deg? Har du stundom tenkt og gjort som kona til Lot? Kven sin son er du, Sara sin eller Hagar sin? Har du sett himmelstigen? Strider du med Gud som Jakob gjorde? Har dei falske brørne dine aldri seldt deg til Egypt? Har Josef, bror din gjeve deg mat å eta? Har du med Israel gjeunge ut or trælhuset i Egypt? Og ilag med dei sunge sigersong ved Daudehavet? Fekk du eta himmelbrød og drikka vatnet frå berget? Lyneld med torebrak frå Herrens lov, — kjenner du til den? Har dei skvetta heilag blod på deg? Har du bede

ved nådestolen, og bore offer fram til altaret? Er lov- og evangelietavlene skrivne i hjarta ditt? Fekk du høyra Øvstepresten si velsigning? Har du ikkje vore i Jerusalem på jubelfesten? Fekk du smaka vindrueklasar frå det lova landet? Såg du koparslangen?

Skrifti driv deg til Gud so eg får ausa liv, trøyst og sæla hjå honom. Gudsordet vert ikkje berre ei saga. Det liver i meg. Trui grip lovnadene både frå det gamle og det nye testamentet so dei vert eigedom og til nytte.

Trøyst og gleder fær me kjenna. For Guds And i ordet er ikkje livlaus. Herrens ord er ånd og liv. (Joh.ev. 6.63) Dagleg vert det stadfesta, på truande og vantru.

(Frå Johan Arndt: Sann kristendom)

8 hundrad års fest og høgtid i Bergen

7 — 9. september.

Katedralskulen i Bergen hadde yverlate gymnastikksalen sin til prestskapet i Bjørgvin bispedøme denne dagen. Veret var fint så elevane kunne ha trim og gymnastikk i det fri og me hadde den fine hallen til garderobe. Me skulle gå i prosesjon, måta, til Domkyrkja og vera saman med kongen og mykje gjævt folk elles, til gudstenesta. Biskopane frå mange kantar, frå Færøyar, Island, Sverike og Danmark. Dei

sat i koren. Me prestane sat i skipet. Biskopane møtte ikkje fram i ornat, men sat med krossen på vesten og var heller ikkje med i prosesjonen. Det var saknelegt. Ein merkte seg og ny skikk. Alltid før ved presteprosesjonar gjekk dei yngste føre. No kom dei sist medan prostane var i teten. Det kyrkjelege serdrag soleis, gjeva det minste størst æra braut dei no.

Medan organisten tona i med «Hellig

Olav stod ved fjorden med sin her» fann me sessane våre og høgtidi tok til straks kongen kom. Biskop Juvkam var liturg og predikant og preiki tykte me var sers god. Då tala han nynorsk. Liturgien og salmane var bokmål. Alt tyktest fagert for auga, men sume sakna den heimslege dåmen dei venta seg på 800 årsdagen for Bjørgvin bispedøme. Siste salma var: «Guds ord det er vårt arvegods — det våre barns skal vere». Arvegods. Det hadde lydt sterkare med: «Guds ord det er vår fedrearv til søner skal det ganga.» Og det var slik Bjørgvin bispedøme ville syngja ein minnedag som denne.

Høgtidi heldt vidare fram ute på Kristkyrkjegarden på Holmen med avduking av St. Sunnivasteinen og tale av Robert Kloster. Etterpå koseleg fest i Håkonshalli der Kyrkjedepartementet var vertskap og statsråd Bondevik helsa velkomen. Det var ikkje bordsæta så mange slapp inn. Eg trur det var utsendingar frå alle bygdene våre i bispedømmet. «Me er ikkje så rike på forminne i Noreg. Godt at me har Håkonshalli og kan samlast her», hørde eg Bondevik tala.

Men lyden vart snart spreidd. Bergen by hadde mottaking for tilreisande gjester, fylket likeeins for sine folk. Eg for min del var vel nøgd no. Skulle nok vore på Kyrkjesonglaget sin konsert om kvelden og. Der var mange kjenningar frå gamle dagar å møte der. Men prestemøtet for Bjørgvin bispedøme skulle då samlast neste dag og det var mangt å vera med på. Då var det fyrelesingar. Professor Kristen Valker om konrektor Edvartzen — ein kulturpersonlegdom frå gamle Bergen. Og so hadde me to fyredrag av biskop dr. Helge Brattgård. «Kristen manniskosyn i 1970-talet». Og: «Theologi och medicin».

Høgdepunktet for oss var vel festen me hadde på Terminus. Ein framand ville vel kalla det for ein skravlelyd for det vert det

alltid når prestane råkast. Og allsongen livde opp. Eg har aldri høyrte nokon har sunge «Småspurven» friskare. Biskop Sigurbjørn Einarsson sin tale fekk eg notatane til for å ha det med i Kyrkjelydsbladet vårt. Ein glad kveld fekk me ha i lag.

Men høgtidi varde enno ein dag — trio heile dagar til ende. No var alle preste-konene i bispegarden medan prestane var samla til samtale og orienteringar. «Prest 1970» heitte det visst. Snart får me mann-skapskrisa i kyrkja vår. Mange vil lesa noko teologi, men få vil ta på seg den herlege tenesta det er å vera prest i kyrkja vår ogso i 1970.

Utleggjing av Herrens bøn

Frå gamal Norsk Homiliebok.

Frå 6. bøn og ut.

(Framhald)

Den gode, som er heilhuga i trui på Gud, han vert betre og betre og kjem nærare og nærare Gud, di hardare han vert freista. Og han gjeng beint til himmerik og til det ævelege livet. — Men den vonde, — di lækare han stend seg når han vert freista, di verre gjeng det med honom, og di lenger kjem han burt frå Gud og nærare Djevelen. Og han fer beint or dette ljuset til helvite, for di han ikkje ville råda bot på syndene sine den tid han kunde.

Gud gjev den urettvise ei nådetid, for han vil han skal få venda um frå syndene sine og gjera bot før han andast or heimen, berre han sjølv vil. Men dersom syndaren ikkje vil venda um frå syndene, so hev han dømt seg sjølv til helvite, og til å vera utan all hjelp.

No er det mykje um å gjera for oss, gode brør, at me strevar etter det ævelege livet med arbeidet vårt og med olmosor, so me må få vera med Gud og alle hans heilage i ljuset og den fagnaden som ikkje vert ende

på. Lat oss streva soleis, og ikkje med lat-skapen vår og skadeleg likams lyst her i livet draga yver oss so stor ei pina at ingen mann kan få sagt alt det vonde som dei lyt tola, som ikkje vil taka seg i vare her.

Dette er den sjuande bøn: Sed libera nos a malo. Frels oss frå det vonde, og leid oss frå Djevelens makt og ifrå all svikferdi hans. — Gud unner oss vel, men Djevelen hatar oss. Gud Fader gled oss med sine gåvor, når han gjev oss av denne verdsens rikdom. Djevelen vil drepa oss um han kan, men Drottin Krist hindrar honom frå å tyna oss, dersom me sjølve vil vare oss for å gjera det vonde. Difor skal me venda oss frå Djevelens svik. For han hev ingen rett på oss. Me skal lova vår Drottin Krist av all hug og fylgja honom til himmerike.

Dei tri bønene som stend fyrst i Fader Vår byrjar me på her i denne heimen, og dei skal halda ved endelaust i den andre heimen. Dei helgar Drottins namn, at den heilage Krist kom til denne heimen og tok menneskjeleg kjøt på seg. Og denne helsing er æveleg utan ende. Di skal me fagna vår Drottin i alle ævor og prisa hans heilage namn. For Guds rike er no her hjå oss, og det stend i alle ævor utan ende i himmerike.

Dei fire siste bønene i Fader Vår byrjar me på her i denne heimen og deim vert det ende på her. Her treng me brød og Guds ord og hans rettleiding, og her treng me taka den heilage nattverden til sælebot for oss her og til å få himmerike. Men der treng me ikkje um noko slags sovoren mat som me liver av her. For me liver av vår Drottins herlegdom og æra i himmerike. Her treng me gode gjerningar, og å læra vit og visdom av boklærde menn. Men hjå Gud i himmerike er alle fullvise, dei som tok vel vare på Guds bodord her. Her treng me taka imot den heilage nattverden til å styrkja hugen vår til teneste hjå Gud og

til det ævelege livet. Men når me kjem hit, då hev me Krist sjølv i likamen hjå oss gjennom alle ævor utan ende.

Her bed me um tilgjeving for misgjerningane våre, men i himmerike treng me ikkje um det, so sant me steller oss soleis at me fær koma der. Men den som ikkje vil trega av hjarta misgjerningane sine her, han fær ikkje miskunn hjå Gud.

Me bed i dette ljuset at Gud vil vara oss vel mot Djevelens svik og freisting, og løysa oss frå alt ilt. Men i det ævelege livet der er ingen Djevel og ikkje vonde menneske, som kan gjera oss noko vondt. — Der er sjel og likam forlikte, som her er uforlikte og stend imot kvarandre. Der skal ingen reddast for hunger eller tørste eller møda. Der skal me ikkje vanta noko godt som me treng um å hava. For Krist er med oss alle og gjev oss det alt saman utan klander og med stor fagnad, — oss som fær vera der. Amen.

(Dette var ein liten prøve på korleis Guds ord vart forklåra den fyrste kristentid her i landet. Og det må gleda oss, at Ordet hadde likevel si helgande kraft på dei som lydte Ordet, endå mange evangeliske tonar var ukjende endå.)

H. H.

Meninghetsfakultetet sitt nye bygg

1. byggjetrinn skal setjast igong i haust. Fundamentering og kjellar. Det vert ferdigt innan året er ute.

Resten ialt 4 høgder kjem igong i februar 1971. Og hausten 1972 kan det heile takast i bruk.

Me har fenge takkeskriv for hjelp dei har teke imot frå Arna sokn. I alt kr. 13.171,—.

Alt i alt har dei fenge kr. 6,7 mill. kroner til huset sitt. Dei rekna med dei trong 8 mill. for å få det ferdigt. Det er berre sluttspurten no dei lyt ta. Det var vågalt verk. Men det synt seg dei hadde mange trugne vener i landet som var viljuge å hjelpa til.

Kyrkjelege handlingar**DØYPTE I YTRE ARNA SOKN:**

- 18.4. Ørjan, foreldre. tekn. Harald Magnus Sjøilen og Aud Bergitte f. Kleppe (I. Arna).
- 18.4. Are, for.: Asbjørn Aksnes og Jorunn f. Skaar. (I. Arna).
- 24.5. Roy, for.: tekstilarb. Gerald Kalsås og Irene f. Isaksen.
- 31.5. Bjørn, for.: arkitekt Tore Magnus Sundland og Laila f. Eide.
- 17.6. Nils Sivert, for.: kokk Sigurd Vestrheim og Kirsten f. Blindheim (i Bergen).
- 20.6. Rita, for.: sjåfør Otto Hjortland og Marit f. Vik (i Asane).
- 20.6. Mona, for.: Arvid Leiknes og Vigdis Irene f. Grimelid (I. Arna).
- 28.6. Øyvind, for.: mek. Gudmund Stamneshagen og Iris f. Fanebust.
- 28.6. Ketil, for.: Asbjørn Kvernrod og Liv f. Alfredsen.
- 5.7. Linn Elisabeth, for.: Knut Eeg og Myrtle Hellen f. Bakke (i Sandvikskyrkja).
- 11.7. Jan, for.: kontorist Walter Hella og Sissel Karin f. Sylta.
- 18.7. John Arne, for.: Arne Jonny Eriksen og Bente f. Sjusen, (i Asane).
- 19.7. Marion, for.: fabr. arb. Tor Nævdal og Eva Marie f. Knutsen (i Kopervik).
- 9.8. Espen, for.: stud. Ole Martin Holen og Kjersti f. Gullaksen (i Narvik).
- 16.8. Trine, for.: Øyvind Wickstrøm og Karen Margrethe f. Mikkelsen.
- 22.8. Anders Martin, for.: Svein Olav Leiknes og Jorunn f. Vatile (I. Arna).
- 22.8. Monica, for.: Walter Nesse og Aud f. Namtvedt (I. Arna).
- 30.8. Lisbeth, for.: tekstilarb. Odd Solsvik og Else Margrethe f. Fjell.
- 12.9. Viggo, for.: marinesoldat Kåre Brandsdal og Vigdis f. Vik (i Asane).

AVLIDNE I YTRE ARNA SOKN:

- 2.4. husmor Mathilde Askeland f. 1896.
- 2.6. handelsbetj. Thomas Olsen Stokke f. 1885.
- 17.6. barn, Nils Sivert Vestrheim f. 1970.
- 22.6. snikkars kona Ase Ytrearne f. 1899.
- 24.6. tidl. gamleheimstyrerinna Gerda Teigland f. 1904.
- 25.8. tidl. tekstilarb. Ernst Johan Kalsås f. 1895.

EKTE VIGDE I YTRE ARNA SOKN:

- 9.5. Jan Erik Herland og Karin Vognstølen.
- 23.5. Svein Harald Matre og Tove Margrethe Langeland.
- 23.5. Jan Ove Vevle og Ingunn Lauvskar (i Samnanger).
- 13.6. Erling Anton Iversen og Inger Johanne Martinussen.
- 13.6. Willy Kjell Saltvedt og Ase Selbak.
- 4.7. Terje Haugland og Elin Margrethe Hvidsten.
- 11.7. Sverre Olai Hovland og Anna Torill Dale.
- 11.7. Sigmund Walter Syska og Anne Berit Lending (i Bergen).
- 7.3. Sigurd Fredrik Mads Jensen Rickfeldt og Britta Kristina Andreasson (i Gøteborg).
- 8.8. Inge Eliassen og Astrid Kristine Vedå.
- 22.8. Egil Solheim og Ase Inger Askeland.
- 22.8. Øyvind Berland og Sunni Mjelde.
- 22.8. Hermann Peter Haus Haller og Wencke Kalsås.

DØYPTE I ARNA:

- 14.6. Solveig Karin, foreldre: Arne Oddmund Farestveit og Aslaug f. Liland (døpt i Mo kyrkje).
- 19.7. Tone, for.: Kåre Låstad og Marit f. Lone (døpt i Gjerstad).
- 19.7. Mari Ane, for.: Kjartan Myklebust og Bodil f. Tangvik (døpt i Helgheim).

- 8.8. Frode, for.: Jan Karstein Floen og Sigrunn Helen f. Marås, døpt i Alversund.
- 9.8. Ivar for.: Tor Dale og Margit f. Moen.
- 16.8. Arve, for.: Jan Perry Aasmoen og Anne Margrete f. Hordvik.
- 16.8. Harald, for.: Bjørn Øystein Nævdal og Ellinor f. Amundsen.
- 16.8. Torill, for.: Oddmund Mjelde og Laila Tordis f. Arne.
- 16.8. Unni, for.: Odd Grønbeck og Elin f. Bakke.
- 16.8. Mette Kristin Øybø, for.: Kjell Ove Wærn Hernæs og Unn Kristin f. Øybø.
- 16.8. Kent Ove, for.: Bjørn Ribesen og Jorunn f. Nesse.
- 23.8. Børge og Jarle, for.: Bjørn Rogne Iversen og Kari Margrethe f. Totland.
- 23.8. Eirik, for.: Einar Solheim og Inger Mowinchel f. Lorentz.
- 23.8. Inge, for.: Ivar Kristian Kismul og Klara Mary f. Ekse.
- 23.8. Frode, for.: Bjørnar Haugland og Inger Marie f. Frantzen.
- 23.8. Audun, for.: Arne Ingolf Kvam og Berit f. Sundal (døpt i Trengereid).
- 23.8. Veronika, for.: Egil Nytveit og Kari f. Jensen.
- 23.8. Unni, for.: Malvin Thunes og Jorunn Agathe f. Kvamme.
- 23.8. Linda, for.: Einar Lasse Lerøen og Gerd f. Olsen.
- 23.8. Tove Beate, for.: Torolv Johan Hasselquist og Berit f. Saltveit (døpt i Skånevik).
- 29.8. Tone Merete, for.: Kjell Sigfred Takvam og Sigrun Alise f. Norevik Larsen.
- 29.8. Torbjørn, for.: Malvin Selle og Ingeborg f. Hausberg.
- 29.8. Jan Gunnar, for.: Gunnar Kaaresen og Ella f. Hisdal.
- 30.8. Øyvind Egil, for.: Egil Reiersen og Ase Anna f. Hauge.
- 30.8. Hans Kåre, for.: Johannes Tveit og Ingebjørg f. Garnes.
- 30.8. Roger, for.: Jan Alfred Kvalvåg og Else f. Rolland.
- 30.8. Bernt Jarle, for.: Jan Rosendahl og Henny f. Skreien.
- 6.9. Bente, for.: Arvid Tunestveit og Marit f. Mortensbakke.
- 6.9. Synnøve, for.: Nilmar Olav Haugland og Johanne f. Bakke.
- 13.9. Frode, for.: Jan Gunnar Tufteland og Svanhild f. Dyngeland.
- 13.9. Ronny, for.: Knut Helge Kvinge og Sissel f. Olsen.
- 13.9. Jon Helge, for.: Terje Kversøy og Paula Johanne f. Blom.
- 19.9. Jan, for.: Fridtjof Olsen og Unni f. Gjesdal.
- 19.9. Ole Kristian, for.: Olav Henrik Halvorsen og Eli Helen f. Nysæther.
- 19.9. Hege, for.: Kåre Martin Skulstad og Ingvild Karin f. Furnes.
- 20.9. Helen Merete, for.: Njaal Haugland og Jorunn Ingrid f. Oppedal.
- 20.9. Arild, for.: Arne Johan Egge og Wenche Johanne f. Ervik.
- 20.9. Jarle, for.: Arvid Rolland og Gerd Alfhild f. Røed.

VIGDE I ARNA:

- 2.8. Leiv Mæhle og Sølvi Jorunn Horvei, (vigde i Gjerstad).
- 29.8. Karstein Kalsås og Aud Rolland.
- 29.8. Arvid Matre og Kjellaug Garnes.
- 19.9. Kjell Fylkesnes og Elin Nese.
- 19.9. Arnt Lian og Aud Jorunn Tunestveit.

AVLIDNE I ARNA:

- 15.8. anleggsarb. kone Petra Lovise Heland f. 1910.
- 16.8. timbermann, gift Ingolv Underland f. 1905.

Helsing frå Island

Biskop Sigurdbjørn Einarsson sin tale

Det er med stor glede og takksemd eg helsar dette høve til å væra i lag med pres-tebrør frå Bjørgvin bispedøme og seia eit ord til dei. Det lyt bli einfalde ord, på eit mål, som ikkje er mitt, som eg har den største vurnad for, men eg ikkje har hatt høve til å læra meg. Det står i programmet at eg skal gje ein festtale. Festleg er det i hvert fall for meg.

Eg takkar min høgvyrde bror og ven, biskop Per Juvkam, for å bjoda meg koma her til dykk i framhald av den store høgtid eg har fått vera med på. Eg skulle så gjerne ha fylgt i biskop Bjarnhardurs spor frå Island til Selja. Men nå fekk eg høve til å vera her. (Og det er eg takksam for). Det er så mykje i minnenes rike som er sams eige for oss, ættingar av same forfædre. Me møter kvarandre alltid når me ser tilbake, du djupare me ser, di djupare me grev i den jord der våre røter ligg, di nærmare kjem me kvarandre. Noregs gamle søge vart jo aldri gamal i Island ho hev vore livande i oss og me hev levt i den. Difor hev me eit heilt anna indre samband med Noreg, (eit anna forhold til Noreg) sitt liv og lagnad i dag — og i alle tider — enn me kan få til noko anna folk og land.

Det er i sanning ein stor og sereigen oppleving for ein islending å ta del i ein kyrkjeleg minnefest i Noreg. Biskopen nemnde at eg skulle seia noko om sambandet mellom Bjørgvin og Island og mellom dei mange minnerike stader og strøk i Noreg har Bjørgvin ei serstoda for oss i så mange måtar. Nidaros var metropolen i den kyrkje-provins me tilhørde i 400 år. Men handelsmessig og politisk var sambandet med Bjørgvin ikkje mindre, og kulturelt og kyrkjeleg var trådane mellom Bjørgvin og Is-

land under lange tider enno sterkare. Det er vel ikkje nokon stad eller plass i Noregs land der det er fleire gløynde spor etter islandske menn enn her. Når ein tek til å tenkja på det så vert minni så mange og rike at ein ikkje veit kvar ein skal byrja eller slutta.

Fram og att siglde dei i gamle dagar, herifrå og dit og derifrå og hit. Dei gamle spora er borte, eller ein skimtar dei berre omlag som det kvervande merket skipet let etter seg på havflata. Mang ein lagnad er gløynd som snøen frå ifjor. Men heim-sens herre og æva drott har frå det fyrste tvinna saman vår søge og vår lagnad. Og det er meining i alt han gjer. Og for han er hendingane på tidens omskiftelege hav-flate ikkje slump, endå me menneske ofte ikkje ser anna og kor mykje me hindra han i hans planer og mål med oss, både som folk og einskildmann.

Når eg tenkje på seljemennene og heilag-staden på Selje må eg tenkja på det, at det var kristne menn, som fyrst av alle kom til Island.

Island er det einaste land i Europa der Kristus har hatt vedkjennarar og lære-sveinar heilt frå opphavet til menneske-soga. Dei fyrste menneske som sette foten på islandsk jord de keltiske poper kom med Kristi namn i hjarta og munn, dei kom for å dyrka han, dei gav han dette land, som ingen åtte og ingen kjente til, han skulle verta kongen der. Dei hugsa likeeins som dikteren Hallgr. P. mange hundreår sein-are: Vist er du, Jesu. konge klår. Det er gardar i Island der ein heidning aldri har butt, der det alltid har stått ei kyrkja. Det styrker mi svake tru å tenkja på dette, det stydjer mi von: Han vert vel ikkje gløynd,

ikkje forsømd eller avsaagd av mitt folk denne konge, den einaste i kvens vald me på frivillig måte har gjeve oss, han, som frå fyrst av hev teke mitt land undan åt seg sjølv. Det styrker meg i mi bøn om at ljosestaken ikkje vert flytt frå folket mitt.

Då kristendomen vann den avgjerande sigeren over heidendomen i Island i slutten av det tiande hundre året, var det den norske heltekongen Olav Trygvason som sto bak den saki. Etter som det er fortalt i ei avskrift av saga hans, heiter det at han nemnde: «Dei land me har mest samband med, skaffar oss naudsynlege varer og me likeeins har varebyte med dei. Men ikkje noko av alt det dei får her frå Noreg, er så naudsynt for dei som kristendomen».

Det var kongelege visdomsord. Me vil minnst dei og han som sa dei då me etter 30 år halde høgtid på Tingvellir og i Skálholt og andre stader i høve av at me år 1000 gjennom fleirtalsvedtak på Altinget vart kristne.

Det er ikkje ein slump, at når man byrja prenta noko av den klassiske litteraturen i Island, seint i det 17. hundreåret, blei Olav Trygvason si søge ein av dei fyrste bøkene, den blei prenta i Skálholt omkring år 1690.

Men det var Bjørgvin sine minner for ein islending eg skulle røra ved. Då tenkjer ein sjølvsaagd fyrst på Seljebispen Ottar Islendingur. I ljuset av den seinare utvikling er det ikkje utan ei viss sorg ein grundar på det at det var ei tid då Islandske prestesko-ler kunne gje Noregs kyrkja biskopar og mange prester. Det var biskop Isleiv sin skole i Skálholt og dotterskolen i Holar som på etter måten kort tid forsynte Island med prester så rikeleg at me hadde noko til overs åt moderlandet og det under lang tid i nesten to hundre år. Me kan rekna med at den fyrste Seljebispen Bjarnhardur ein

blandt dei som har hatt tydning for Islands kyrkja under si tid der og at han har noko av fortienesta for at kristendomen fekk rot-feste og blømde så snart. Men man veit svært lite om hans virke i Island.

(Framhald neste nr.)

Takk

Omsett frå tysk av Eirik Skjerve.

*Takk for den morgon blid som vaknar.
Takk, Gud, for kvar ein nyskapt dag.
Du gjev meg von når allting raknar,
trøyst i nederlag.*

*Takk for kvar ven du let meg møta.
Takk når eg og hjå fiendsmann
brester og brot kan atter bota
med ei kjærleg hand.*

*Takk for mitt gode, rike yrke.
Takk for kvar liti lukkestund.
Takk for den kjelda, stødt til styrke:
Fuglesong i lund.*

*Takk og for mangei sorgsam tidend.
Takk for kvart skynsamt, venleg ord.
Takk at du varar meg mot fiend
kvar eg fer på jord.*

*Takk for at me ditt ord kan fata.
Takk at du os di ånd vil gje.
Takk at din kjærleik du vil lata
nå til alle ned.*

*Frelsa er etla kvar ein stakkar.
Døden er dør til livsens land.
Herre min Gud, for det eg takkar
at eg takka kan.*

I min forretning
 finn De gaver til bryllup, kon-
 firmasjon og barnedåp



5260 Indre Arna — Tlf. 40496

Skal det vera

markiser eller persienner, så ring
 og spør meg. Eg sel Norsk Amico
 heilårsmarkiser og prydpersienner,
 stålroyr, skyvestigar og tørkestativ

MAGNUS BORGE

5233 Haukeland Telefon 40021

ALT I
 GRAV-
 MONUMENTER

Espeland Gartneri

Espeland Gartneri og Begravelsesbyrå
 Telefon 40809 — Espeland

STØRRE BARNETRYGD

Barnetrygda vert no utbetalt kvar måned
 La pengane gå direkte inn på konto i
 ARNA PRIVATBANK. Avtal med banken
 kva kontotype som passar best.
 Pengane står alltid til disposisjon.
 Rente opp til 5 pst. p.a.

ARNA PRIVATBANK

HAUS SPAREBANK

Snakk med sparebanken

Ytre Arna — Indre Arna —

Espeland — Lonevåg

J. BERSTAD

Filial Indre Arna

Jernvarer. Verktøy. Beslag.
 Sport og camping.
 Glass og steintøy.

Alt i bøker, papir, gramo-
 fonplater og leiker får De
 hos

F. BEYER

Bok og papirhandel
 Indre Arna

Vakre blomar frå

Trygve Garnes gartneri

Telefon 40401, Garnes

og utsal Indre Arna Tlf. 40415

Preikelista

19. s. e. tr. (4. oktober):

Proststemna for Osterøy prosti i Åsane. Ikkje prei-
 ker i Arna.

20. s. e. tr. (11. oktober):

Ytrt Arna. Soknepresten. Nattverd.
 Om kvelden kl. 19.30 i Arna kyrkje. Ungdomsskule-
 kveld for Nordh. Ungd.skule.

21. s. e. tr. (18. oktober):

Arna. Soknepresten. Ytre Arna Res kap.
 Om kvelden kl. 19.30 ungdomsgudst. i Arna kyrkje.
 Utsending frå Santalmisjonen.

Bots- og bededag (25. oktober):

Arna. Res. kap. Trengereid. Soknepresten. Nattverd.

Bladstyrar er Sokneprest E. Tesdal, Indre Arna.

Forretningsfører: Olav Hartveit, Garnes.

Bladpengar kr. 5,— for året. Postgiro: 310444.

— Prenta i Skaars Boktrykkeri, Norheimsund —